



Sunnfjord  
kommune



# Forskrift om skulekringsgrenser i Sunnfjord kommune

Oversyn over skular og kringgrenser  
Vedtak- og sakshandsamingsrutinar

Forskrift dato: 20.2.2021

Forskrifta gjeld frå 1.8.2021

Forskrift vedteke i kommunestyret KTS den 29.04.2021

Heimel: Opplæringslova § 8-1, skolen

# 1 Innhald

1	Innleiing .....	2
2	Vedtak i kommunestyret .....	2
3	Opplæringslova .....	3
	§ 8-1. <i>Skolen</i> .....	3
4	Skular i Sunnfjord kommune .....	3
5	Kringsgrenser barneskular og kombinerte skular .....	4
5.1	Skei skule .....	4
5.2	Vassende skule .....	5
5.3	Holsen skule .....	5
5.4	Bygstad skule .....	5
5.5	Viksdalen skule .....	6
5.6	Sande skule .....	6
5.7	Halbrend skule .....	6
5.8	Flatene skule .....	7
5.9	Førde barneskule .....	7
5.10	Slåtten skule .....	7
5.11	Sunde skule .....	7
5.12	Naustdal skule .....	8
6	Kringsgrenser ungdomsskular med elevar frå fleire barneskulekrinsar .....	8
6.1	Sande skule .....	8
6.2	Halbrend skule .....	9
6.3	Førde ungdomsskule .....	9
6.4	Naustdal skule .....	9
7	Vedtak og rutinar for sakshandsaming .....	10
7.1	Ansvar .....	10
7.2	Arkivere informasjon .....	10
7.3	Første gongs vedtak om skuleplass .....	10
7.4	Vedtak om skuleplass ved anna skule enn nærskulen .....	10
8	Klagehandsaming .....	11
9	Overgangsordningar .....	11



# 1 Innleiing

Denne forskrifta regulerer kringsgrensene i Sunnfjord kommune. Forskrifta bygger på vedtak om plan for framtidig bruk av skulane, vedteke i kommunestyret KST-002/21. Forskrifta skal gi oversikt over dei ulike skulane med tilhøyrande inntaksområde. I tillegg til oversikt over kringsgrenser regulerer forskrifta ansvarsområde og sakshandsaming ved avvik frå nærskuleprinsippet.

## 2 Vedtak i kommunestyret

**KST- 002/21 Vedtak:** Skulen i Sunnfjord skal vere ein fagleg sterk skule med høg kvalitet, eit likeverdig fagleg tilbod, eit godt læringsmiljø og berekraftig økonomi. Med bakgrunn i dei utgreiingane som er gjort i plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune, blir det gjennomført følgjande endringar i skulestrukturen i fase 1 og fase 2.

Det er viktig å ivareta grendehusfunksjonen i bygder der skulen vert nedlagt. Kommunen må difor sikre ein god dialog og avtale med dei aktuelle grendelaga så dei gamle skulehusa kan fungere som forsamlingshus og møteplass i bygda. Skuleskyssen for elevane frå Karstad, Frøysland og Vevring må optimaliserast særleg med tanke på dei yngste elevane.

### Fase 1

- a. Karstad skule blir lagt ned frå 1.august 2021 og elevane overført til Flatene skule 1-5 og Halbrend 6-10.
- b. Frøysland skule blir lagt ned frå 1.august 2022 og elevane blir overført til Holsen skule.
- c. Vevring skule blir lagt ned frå 1.august 2024 og elevane overført til Naustdal skule med mindre mineralprosjekt i Vevring vert starta opp eller elevtalet gjev grunnlag for vidare drift av skulen. Kommunestyret skal då gjere nytt vedtak. Det skal vidare avklarast om Kinn kommune ynskjer å sende elevar til skulen i Vevring.
- d. Kringsgrensene på Bruland vert endra slik at elevar busett frå bommen ved Brulandsberget og austover vert tilhøyrande Sunde skule. Kringsgrensene vert endra med verknad frå 01.08 2021. Kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med konkrete framlegg til overgangsordningar.

### Fase 2

- a. Utgreie flytting av ungdomsskulesteget ved Viksdalen skule til Sande eller Førde i 2025.
- b. Utgreie flytting av elevane på Førde ungdomsskule til Hafstad vidaregåande skule frå hausten 2025 og endring av kringsgrensene slik at ungdomsskuleelevar frå Haukedalen, Holsen og Sunde blir flytta til ny ungdomsskule på Hafstad. I utgreiinga er det viktig å sikre god involvering frå partane, og vurdere alternative bruksformer for Hafstad vidaregåande skule.
- c. Utgreie flytting av elevane frå Førde barneskule til Førde ungdomsskule frå hausten 2025.

Med bakgrunn i vedtaket og eksisterande kringsgrenser blir det utarbeidd ei forskrift om kringsgrenser for Sunnfjord kommune. Forskrifta skal leggast ut til offentlig høyring og handsamast av kommunestyret i april 2021.

**Avgrensing:** Denne forskrifta tek utgangspunkt i fase 1. Ved endringar i fase 2 blir forskrifta endra

### 3 Opplæringslova

Denne forskrifta er heimla i § 8-1, Skolen i opplæringslova.

#### § 8-1. Skolen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunnjing i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- a. Opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til.
- b. Det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnadar til skyssordning.
- c. Varigheita av avtalen
- d. Reglar for å tre ut av og avikle samarbeidet, og
- e. Anna som etter lov krev avtale

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

### 4 Skular i Sunnfjord kommune

Etter vedtak i kommunestyret vil det vere 13 skular i Sunnfjord kommune etter 1.8.2024.

Skule	Lokalisering	Trinn
Flatene skule	Halbrend krins	1.-5.
Førde barneskule	Sentrum, Førde	1.-7.
Førde ungdomsskule	Sentrum, Førde	8.-10.
Halbrend skule	Halbrend krins, Førde	6.-10.
Holsen skule og barnehage	Holsen	1.-7.
Slåtten skule	Slåtten krins, Førde sentrum	1.-7.
Sunde skule	Sunde	1.-7.
Naustdal skule	Naustdal sentrum	1.-10.
Skei skule	Skei	1.-10.
Vassenden skule	Vassenden	1.-10.
Sande skule	Sande sentrum	1.-10.
Bygstad skule	Bygstad	1.-7.
Viksdalen skule	Viksdalen	1.-10.

For dei tre skulane som er nedlagt i fase 1, vil eksisterande kringsgrenser gjeld fram til dato for nedlegging. Eksisterande kringsgrenser for desse skulane, er omtala under overgangsordningar i punkt 9.

## 5 Kringsgrenser barneskular og kombinerte skular

Kringsgrense regulerer opptaksområde for den einsskule skulen, definert som næreskulen etter opplæringslova § 8-1. Tilhøyrande kringsgrenser er omtala under kvar skule. Tre av skulane i Sunnfjord kommune med ungdomstrinn, har inntaksområde frå fleire barneskulekrinsar.

### 5.1 Skei skule

Grunnkrinsane som høyrer til Skei skulekrins:

- Myklebost
- Årdal
- Helgheim
- Fugle
- Skei
- Kjøsnesfjorden
- Førde
- Klakegg

- Veiteberg
- Åmot

## 5.2 Vassende skule

Grunnkrinsane som høyrer til Vassenden skulekrins

- Eikås
- Langhaugane
- Hjellbrekke
- Vassenden nord
- Vassenden sør
- Sanddal
- Svidal
- Ålhus

## 5.3 Holsen skule

Grunnkrins/krinsar som høyrer til Holsen skule:

- Holsen

Frå 01.08.2022 omfattar Holsen også Haukedalen krins i noverande Frøysland skule.

## 5.4 Bygstad skule

Grunnkrinsane som høyrer til Bygstad skulekrins

- Skilbrei/Hjelmeland
- Espeland
- Bringeland
- Perhaugen
- Hjelmeland
- Lien
- Kvamme
- Bygstadhaugane
- Sveen
- Eidevik
- Kårstad
- Hestad (Dalsfjorden)
- Laukeland
- Osen
- Korsvelle
- Båtevik
- Helle
- Birkeland
- Bjørvika

## 5.5 Viksdalen skule

Grunnkretsane som høyrer til Viksdalen skulekrets:

- Øvrebotten
- Eldal/Mjell
- Viken
- Rørstad
- Rørstadbotnen
- Hestebeite
- Hestad

## 5.6 Sande skule

Grunnkretsane som høyrer til Sande skulekrets:

- Øvrestrand
- Hestad
- Skudal
- Senneseth
- Foss
- Grøvlebakke
- Skagen
- Steien
- Sande
- Årbergsdalen
- Øksland
- Døskeland
- Alværen
- Sygna
- Myrmel
- Lunde

## 5.7 Halbrend skule

Halbrend skule (6-7) omfattar grunnkretsane for noverande Flatene/Halbrend skulekrets (6-7) med tillegg av grunnkretsane for noverande Karstad skulekrets (6-7) frå 01.08.2021:

- Ervik
- Kråkenes
- Ulltang
- Øvre Steinen
- Halbrend/Steinen
- Halbrendsholten
- Ytre Hafstad
- Slåttebakkane
- Reset
- Førde sentrum, mot aust til Førde hotell

## 5.8 Flatene skule

Flatene skule omfattar grunnkrinsane i noverande Flatene/Halbrend skulekrins (1-5) med tillegg av grunnkrinsane for noverande Karstad skulekrins (1-5) frå 01.08.2021:

- Ervik
- Kråkenes
- Ulltang
- Øvre Steinen
- Halbrend/Steinen
- Halbrendsholten
- Ytre Hafstad
- Slåttebakkane
- Reset
- Førde sentrum, mot aust til Førde hotell

## 5.9 Førde barneskule

Førde barneskule omfattar grunnkrinsane for noverande Førde barneskule med endring for grensa mot Sunde skule (E39) frå 01.08.2021 etter politisk vedtak i sak KST-002/21:

- Førde sentrum/sentrum sør-vest, mot vest til og med Førde Hotell
- Hafstad
- Bruland, mot sør-aust til bom på E39 i Brulandsberget – endra
- Toene/Presteholten
- Haugum/Hundvebakke
- Bergum/Hornnes
- Erdal

Grensa mot Slåtten skule i aust går ved (til og med) Angedalsvegen 31.

## 5.10 Slåtten skule

Grunnkrinsane som høyrer til Slåtten skule:

- Angedal
- Furebø
- Vie
- Hjelle/Vie/Tefre
- Grovene/Flata

Grensa mot Førde barneskule i vest går ved (til og med) Angedalsvegen 14 og 33.

## 5.11 Sunde skule

Sunde skule omfattar grunnkrinsane for noverande Sunde skulekrins med endring av grensa mot Førde barneskule (E39) frå 01.08.2021 etter politisk vedtak i sak KST-002/21:

- Mo/Åsen
- Sunde/Kussli
- Sundsdalen
- Bruland, mot vest til bom på E39 i Brulandsberget - endra



## 5.12 Naustdal skule

Grunnkrinsane som høyrer til Naustdal skule

- Helle
- Frammarsvik
- Naustdal vest
- Naustdal aust
- Åse
- Horstad vest
- Horstad aust
- Ullaland nord
- Ullaland sør
- Finland

## 6 Kringsgrenser ungdomsskular med elevar frå fleire barneskulekrinsar

### 6.1 Sande skule

Grunnkrinsane som høyrer til Sande skulekrins:

- Øvrestrand
- Hestad
- Skudal
- Senneseth
- Steien
- Sande
- Årbergdalen
- Øksland
- Døskeland
- Alværen
- Sygna
- Myrmel
- Lunde
- Skillbrei/Hjelmeland
- Espeland
- Bringeland
- Perhaugen
- Hjelmeland
- Lien
- Kvamme
- Bygstadhaugane
- Sveen

- Eidevik
- Kårstad
- Hestad (Dalsfjorden)
- Laukeland
- Osen
- Korsvella
- Båtevik
- Helle
- Birkeland
- Bjørvika
- Grøvlebakke
- Foss
- Skagen

## **6.2 Halbrend skule**

Halbrend skule (8-10) omfattar nye Flatene/Halbrend skulekrins (8-10) medrekna elevar på ungdomssteget frå Karstad, Frøysland, Holsen og Sunde etter ny grense mot Førde barneskule ved bommen i Brulandsberget (E39) frå 01.08.2021.

## **6.3 Førde ungdomsskule**

Førde ungdomsskule omfattar elevar på ungdomssteget frå Slåtten krins/skule og Førde barneskule etter ny grense ved bommen i Brulandsberget (E39) frå 01.08.2021.

## **6.4 Naustdal skule**

Grunnkrinsane som høyrer til Naustdal skulekrins:

- Kvellestad
- Vevring
- Redal
- Helle
- Frammarsvik
- Naustdal vest
- Naustdal aust
- Åse
- Horstad vest
- Horstad aust
- Ullaland nord
- Ullaland sør
- Finland

## 7 Vedtak og rutinar for sakshandsaming

Rutinane omfattar alle born som omfattast av retten etter Opplæringsloven § 2-1, rett og plikt til grunnskuleopplæring. Rutinane har hovudvekt på alle forhold som blir regulert av Opplæringslova, kapittel 8, Organisering av undervisninga § 8-1, skulen. Det betyr i hovudsak sakshandsamingsrutinar ved vedtak om skuleplass for nye 1. klassar, nye 8. klasse, flyttande elever ved alle trinn, handsaming av klager og søknader om skulegang ved andre skular, eller ved endring av forskrift om kringsgrenser. Rutinane skal bidra til rask, føreseieleg og likeverdig handsaming av vedtak, klager og søknadar om skuleplass for alle elever og familiar som er busett i Sunnfjord kommune og som er omfatta av Opplæringsloven § 13-1. Informasjon, tidsfristar og eventuelle skjema skal ligge tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Føresette som ønskjer å klage på vedtak eller søke om skulegang ved andre skule enn nærskulen, skal oppleve å få god informasjon og nøytral rettleiing i framgangsmåte og argumentasjon

### 7.1 Ansvar

Kommunedirektøren har overordna ansvar for å følgje opp rutinane. Den einskilde rektor har delegert fullmakt, til å fatte vedtak om skuleplass for elever med adresse innanfor eigen skulekrins. Kommunedirektøren fattar vedtak om skulebyte for elevar som søker om skuleplass ved anna skule enn nærskulen.

### 7.2 Arkivere informasjon

Alle søknadar med vedlegg og vedtak om skuleplass skal handsamast i Acos Websak. Skjema som blir nytta ved innskriving skal arkiverast i Acos Websak.

### 7.3 Første gongs vedtak om skuleplass

Alle born i Sunnfjord kommune får eit varsel om opptak til 1. klasse. Rektor har ansvar for å gå gjennom listene frå folkeregisteret registrert på den aktuelle skulen. Med utgangspunkt i registrerte elevar i krinsen, sender rektor ut førehandsvarsel/informasjon til føresette. Rektor gjennomfører innskriving etter gjeldande rutinar.

Ved overgang til 8. trinn, eller til 6. trinn (Halbrend skule), varslar mot takande skule føresette om overgang og inntak.

Informasjon må sendast ut i 1. kvartal i same kalenderår som skulestart.

### 7.4 Vedtak om skuleplass ved anna skule enn nærskulen.

Det er kommunedirektøren som handsamar saker om skulegang på anna skule enn nærskulen.

#### Adresseendring til anna krins

Om eleven ønskjer å halde fram ved skulen ved flytting til anna krins, må føresette søkje til kommunedirektøren. Følgjande retningsliner gjeld for å innvilge slike søknadar:

- Eleven ønskjer å fullføre skuleåret.
- Eleven ønskjer å fullføre hovudsteget og har berre eitt år igjen av skuletida.

Døme: Ein elev går på 9. trinn og flyttar ut av krinsen i løpet av 9. trinn. Føresette søker om at eleven skal få fullføre 10. trinn. Det same gjeld for barnesteget om eleven ønskjer å fullføre 7. trinn. Slike søknader blir innvilga.

Føresette må organisere og finansiere eventuell skuleskyss.

### **Særlege tilhøve**

Særlege tilhøve kan vere sosiale tilhøve, sårbare born, eller barn med særskilte behov. Om føresette ønskjer at barnet skal halde fram ved skulen utover reglane ved adresseending, må føresette søke kommunedirektøren. Vedlagt søknaden må det føreligge dokumentasjon frå lege, BUP, PPT eller andre sakkunnige. Ved behov kan kommunedirektøren be om ei utgreiing frå PPT om ei slik utgreiing ikkje føreligg i saka.

I slike saker skal søknaden gå gjennom rektor, og rektor skal uttale seg om saka og kome med ei tilråding.

Føresette må organisere og finansiere eventuell skuleskyss.

### **Søknad om skulebyte, eller vedtak om skulebyte i skulemiljøsaker kap.9 i Opplæringslova**

Det er rektor ved eleven sin skule som har ansvar for å løyse skulemiljøsaker

Om rektor etter reglane i Opplæringslova kapittel 9, vurderer at eit skulebyte er eit rett tiltak i ei skulemiljøsak, fattar kommunedirektøren vedtak om byte av skule.

Slike saker skal handsamast etter reglane i Opplæringslova kap. 9

I slike saker skal ikkje føresette dekke kostnader til skyss.

## **8 Klagehandsaming**

Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknader om skulegang ved anna skule har klagerett etter Opplæringslova § 15-1 innan 3 veker etter at vedtak er motteke.

Kommunedirektøren handsamar eventuelle klagar på vedtak eller avslag på søknadar om skuleplass. Om kommunen står på vedtaket, vil saka bli over sendt Statsforvaltaren i Vestland som fattar endelig vedtak etter Opplæringslova §15-2.

## **9 Overgangsordningar**

### **Frøysland skule**

Eksisterande kringsgrenser held fram for elevar som tilhøyrar Frøysland skule fram til 1.8.22. Etter 1.8.22 blir Holsen skule nærskulen for elevar ved Frøysland skule

### **Vevring skule**

Eksisterande kringsgrenser held fram for elevar som tilhøyrar Vevring skule fram til 1.8.24. Etter 1.8.24 blir Naustdal skule nærskulen for elevar ved Vevring skule



### **Justering av kringsgrense ved Bruland**

Elevlar som skal byrje i 1. klasse hausten 2021, skal innskrivast på Sunde skule.

Elevlar som har starta opp ved Førde barneskule, kan om dei ønskjer halde fram ut 7. trinn.

Elevlar ved Førde barneskule kan om dei ønskjer det, halde fram på Førde ungdomsskule ut 10.trinn.

Føresette må melde endring til begge skular om dei vel å flytte born til Sunde krins.